


049806

Arkeologiske undersøkingar i Uggdalsdalen

**Røys 3, Uggdal gnr.69 bnr.13
Tysnes kommune, Hordaland fylke**



Heidi Handeland
Seksjon for ytre kulturminnevern
Bergen Museum
Universitetet i Bergen
2005

Innhald	side
Bakgrunn	1
Landskap og kulturhistorisk kontekst	1
Metode og forløp	3
Røys 3 si oppbygging og datering	4
Funn	6
Samanfatting	8
Litteratur	8
Teikningar	9

Figurliste

Framsida: Planteikning røys 3. Etter originalteikningar av Yvonne Dahl og Live Johannesen.

Fig.1: Vad i elva mellom gravfelta.

Fig.2: Røys 3 etter opprens.

Fig.3: Profilen sett mot Ø-NØ.

Fig.4: Planteikningar av område med keramikkfunn F7.

Fig.5: Planteikning røys 3.

Fig.6: Profil.

Fig.7: Planteikning, røysbotn og trekollag.

Vedlegg:

1. Funnkatalog
2. Tilvekst
3. Fotoliste digital
4. Fotoliste dias UTGÅR
5. Liste over originalteikningar
6. Liste over dateringsprøvar
7. Nivellement
8. Innmålingsdata
9. Dateringsrapport frå Beta

Bakgrunn

I samband med skjøtsels-og tilretteleggingsplan for kulturminne på Uggdal, gnr. 69 bnr. 13 i Tysnes kommune, grov Kulturseksjonen i Hordaland fylkeskommune i 2004 to gravrøysar. Undersøkinga av desse røysene har ei lang forhistorie som nydyrkingssak. Under feltarbeidet med røys 1 og 2 vart det påvist ei tredje røys, røys 3. Denne vart torva av og dekt til med presenning. Det vart søkt dispensasjon frå Kulturminneloven også for denne, noko som vart innvilga. Viser for øvrig til tilråding frå Bergen Museum, Seksjon for ytre kulturminnevern, datert 12. oktober 2004 og dispensasjonsvedtak frå Riksantikvaren datert 28. oktober 2004. Feltarbeidet på røys 3 vart utført 1.-10. november 2004. Deltakande var prosjektleiar Live Johannesen (3 dagar), feltleiar Heidi Handeland (7 dagar) og feltassistent Yvonne Dahl (10 dagar). Totalt vart det utført 20 dagsverk. Kjell Arne Valvik og Lars Øyvind Birkenes ved Kulturseksjonen i Hordaland fylkeskommune skal takkast for å gi tilgang til materiale og svare på spørsmål om røys 1 og 2, Tysnes kommune for å låne ut elektrisk pumpe, og grunneigar Per Vermedal for å stille traktor til disposisjon ved oversiktsfotografering.

Landskap og kulturhistorisk kontekst

Uggdal gnr.69 bnr.13 ligg i Uggdalsdalen omtrent midt på Tysnesøya. Stadnamnet Tysnes kan språkhistorisk knytast til guden Ty. I mellomalderen var området kalla Njardarlog, dette blir sett i samband med guden Njord og tilhøyrande fruktbarhetskult. Også namn som Lunde og Vevatne nord på øya blir vanlegvis tolka som språklege spor etter førhistorisk religion (Solberg 2000). På garden Uggdal har Per Fett registrert gravfelta på begge sider av elva og ein veg med vad over elva (Fett 1954). Kulturseksjonen i Hordaland fylkeskommune har registrert ei hustuft i same område. Dersom fleire av desse elementa har samanfallande bruksfasar, kan ein tenke seg at vegen med vadet har vore forbunde med tilkomsten til gravfelta. Tilrettelegging og skjøtsel av dette spesielle kulturlandskapet er under planlegging for å gjere området tilgjengeleg for ålmenta, viser til korrespondanse nemnt ovanfor.



Fig.1. Vad i elva mellom dei to gravfelta. Foto: Live Johannesen.

Røys 1, 2 og 3 ligg i overgangen mellom dyrka mark og myrete, tuete utmark i utkanten av gravfeltet som blir kalla Vollane, sjå vedlegg 8 for informasjon om korleis røysene er lokalisert i høve til kvarandre. Den dyrka delen av flata har vore brukt til grasproduksjon. Røys 1 og 2 var begge anlagt på bergknausar. Røys 1 hadde ei godt bevart fotkjede av store stein. Gravlegginga var sett ned i eit naturleg kammer i berget. I kammeret vart det funne ein god del keramikk, truleg frå eitt eller kanskje to forskjellige kar. Keramikken er gråsvart på farge og kvarts- eller klebermagra. Fleire skår har ornering av rette og skrå linjer. Også fleire jernfragment vart funne, desse er svært korroderte men er truleg restar av ein jerngjenstand som har vore lagt ned som gravgåve. Røysa bar tydeleg preg av å vere plyndra. Trekol frå kammeret er datert til kal 385-430 AD, yngre romartid/folkevandringstid. I den nordlege utkanten av røys 1 var det ein kvit kvartsittstein på ca 20x20 cm.

Av røys 2 var det berre bevart ein rest. Også her var gravlegginga sett ned i eit naturleg kammer i bergknausen. Graving av kammeret avdekkja keramikkskår av anna type enn den frå røys 1. Godset er gråsvart på farge, magra med bergart og uornert. Trekol frå kammeret er

datert til kal 930-840 BC, yngre bronsealder. Presentasjonen av røys 1 og 2 er foreløpige resultat, viser forøvrig til kommande rapport frå denne gravinga.

Metode og forløp

Røys 3 vart avdekka, rensa opp og dokumentert ved foto og teikning i plan 1:20 ut frå lokalt etablert målesystem, der x-aksen veks mot geografisk V-NV, og y-aksen mot Ø-NØ. Midtpunktet i røysa, 15x20y, er innmålt av Tysnes kommune (Vedlegg 8). Stein og masse vart fjerna lagvis. Flata vart rensa opp med krafse og graveskei og fotodokumentert før neste steinlag vart gravd. Ved påvising av trekollag og keramikkfunn F7 vart røysa teikna i plan før vidare graving. Fargeskilnader i massen er skissa inn. Teikningar er reinteikna for hand etter primærdokumentasjon i felt. Nivellement er oppgitt på originaldokumentasjonen.

Det jamne steindekket i den austre halvdelen av røysa tyda på at denne var relativt intakt, den vestre halvdelen verka meir utoverpløydd ettersom steindekket der var meir ujamnt. Den mest skada halvdelen vart fjerna først, ein sektor om gangen. Profilen vart dokumentert med foto og teikning i 1:20. Vèrtilhøva var til tider prega av store nedbørmengder som samla seg i feltet. Ettersom profilen måtte bevarast til dokumentasjon kunne føretakast, vart nordaustre og søraustre sektor gravd frå ytterkantane og innover mot sentrum av røysa, før profilen kunne fjernast.



Fig.2. Røys 3 etter opprens. Røys 1 og 2 låg på knausane som så vidt viser øvst til venstre og høgre i biletet. Tatt mot V-SV Foto: Yvonne Dahl.



Fig.3. Profilen sett mot Ø-NØ. Foto: Heidi Handeland.

Røys 3 si oppbygging og datering

Den opprinnelege røysforma har truleg vore rund, størrelsen kan anslåast til ca 5 m i diameter. Røys 3 var ikkje synleg på overflata og vart påvist med jordbor. Steinpakningen ser ut til å vere gravd ned i grunnen, snarare enn anlagt oppå. Det bør nemnast i den samanhengen at ei røys på gravfeltet på andre sida av elva har liknande trekk. Denne er ikkje arkeologisk undersøkt, men uttak av stein i røysa har etterlete eit djupt søkk på anslagsvis 50-60 cm. Dette kan tyde på at denne er anlagt på same måte som røys 3. Dette kan imidlertid ikkje sannsynleggjerast utan vidare undersøkingar.

Røysa besto av neve- til hovudstor stein. Massen var nokså tettpakka, noko som gjer at profilen ikkje gir eit representativt bilete av kor mykje jord det eigentleg er innimellom steinen. Einskilde stader var massen så tettpakka at steinar sto fast på høgkant. Korvidt dette er intensjonelt eller tilfeldig er vanskeleg å vite sikkert, men ein stein av noko størrelse i søraustre sektor synest å vere bevisst stilt opp på høgkant, med stein kilt fast rundt den. Størrelsen på steinen gjer det etter mi meining lite sannsynleg at den tilfeldig skulle bli ståande på høgkant. I same sektor var det ein heilt kvit kvartsstein på ca 10x20cm. Som nemnt vart det også registrert ein kvit kvartsittstein i røys 1. Moglegvis kan dette setjast i samanheng med tradisjonen om heilage kvite steinar. Ut frå dette kan ein anslå ei datering av røys 3 til

tidsrommet mellom 300 og 600 e.Kr. (Sjå Solberg 2000:173), og den kan såleis vere samtidig med røys 1. Dei heilage kvite steinane er funne både som lausfunn og i samband med graver, mange av dei har fallisk form. Dei er tolka som uttrykk for fruktbarhetskult knytte til vanene, gudeslekta Njord tilhørde (ibid.). Sett i samanheng med dei mange stadnamna på Tysnes som peikar mot slik kult, er dette interessante funn.

Bygginga av røysa må ha gått føre seg systematisk, ettersom det var klart avgrensna fargeskilnader i massen i den austre halvdel. Den innerste kjernen besto av grågrønn grushaldig silt, omkransa av eit belte av raudbrun grushaldig masse. Denne fargeskilnaden var tydeleg i nordaustre og delar av søraustre sektor, men let seg ikkje påvise i den vestre halvdel av røysa. Det var spreidde trekolfragment iblanda i all massen, både den grågrønne og den raudbrune, men einskilde stader skilde seg ut med store trekolmengder. I utkanten av den søraustre sektoren var den grønnaktige silthaldige undergrunnen svært trekolhaldig og einskilde stader heilt svart. Laget er merka lag E på teikninga (fig.7), og strekk seg utover røysa si avgrensing slik den er oppfatta i høve til steinpakningen. Laget er tydeleg oppblanda i massen mellom steinane i røysa, dette vart ved graving tolka som at trekolet var forbunde med aktivitet i samband med gravritualet. Dateringane underbygg imidlertid ikkje dette. Det vart radiologisk datert to prøvar frå lag E. Desse gav kal 2210-1890 BC (Beta-200022) og kal 1420-1020 BC (Beta-200021), verdiane er oppgitt med 2 sigma avvik (Vedlegg 6). Dette tyder på at lag E er eit resultat av tidlegare aktivitet på flata, for så å bli oppblanda i røysmassen ved anlegging av gravminnet. Kulturhistorisk fell dateringane inn i seinneolittikum og eldre bronsalder, og daterer sannsynlegvis avsving forbunde med dyrkingsaktivitet på flata.

I botnen litt nordaust for sentrum av røysa var det eit område på ca 60 cm i diameter som var noko meir steinfyllt enn resten av den grågrønne grushaldige massen (sjå fig.7). Under tolkinga av at dette kunne vere ei muleg sentralgrav, vart den gravd med graveskci. Det vart ikkje gjort nokon funn eller observasjonar som tyda på at steinsamlinga innchaltdt ei grav, korkje kammerkonstruksjon, trekolkonsentrasjonar, bein eller gjenstandsfunn. Botnen av steinsamlinga vart nivellert. Ettersom undergrunnen i området er steinete kan det ikkje utelukkast at steinsamlinga er naturleg.

Ved graving av vestre halvdel kom det fram steinar som såg ut til å vere lagt i ein liten ring på rundt 50 cm i diameter (steinsirkel A på fig.7). Steinane vart dokumenterte og fjerna, under

var det ein jordfast stein. Ein liknande struktur, steinsirkel B, låg øst for steinsirkel A og utanfor røysa si avgrensing. Denne var imidlertid synleg på overflata, og er truleg spor etter nyare tids aktivitet. Steinsirkel B er berre fotodokumentert.

Funn

B16227

- /1
 - a) *Keramikkskår av rødt sandmagret gods*. Største dimensjon 2,5x2 cm
 - b) *Keramikkskår av rødt sandmagret gods*. Største dimensjon 2,2x1,5 cm
 - c) *Keramikkskår av rødt sandmagret gods*. Største dimensjon 1,7x1,6 cm
 - d) *Keramikkskår av rødt sandmagret gods*. Største dimensjon 1,4x0,9 cm
 - e) 17 *keramikkskår/fragment(meget små) av rødt sandmagret gods*
 - f) *Keramikkskår av rødt sandmagret gods*. Største dimensjon 0,6x0,5 cm.
Tynt flak
 - g) *Keramikkskår av rødt sandmagret gods*. Største dimensjon 1,9x1,6 cm
 - h) *Keramikkskår av rødt sandmagret gods*. Største dimensjon 1,6x0,7 cm
 - i) *Keramikkskår av rødt sandmagret gods*.
 - j) 8 *keramikkskår/fragment(meget små) av rødt sandmagret gods*
 - k) *Keramikkskår av rødt sandmagret gods*. Største dimensjon 0,5x0,5 cm
 - l) *Keramikkskår av rødt gods*. Magringsmaterialet er ikke synlig. Største dimensjon 0,5x0,3 cm.
- /2 *Fragmenter av brent bein J.S. 1397*
- /3 *Mikroflekkefragment av kvarts, mikroavslag av flint og flintknoll med slatte felt*.
Løsfunn ved graving.

Ved opprensing av profilen vart det funne fleire keramikkskår (B16227/1g-j (F1)) og eitt brent bein (B16227/2 (F2)) i nordre ende av profilen, denne vart difor forlenga 60 cm mot nordvest. Massen frå utvidinga vart sålda men utan ytterlegare funn. Noko form for kammer let seg ikkje påvise, men området vart fotodokumentert og teikna. Det var sprcidde trekolfragment i den raudbrune undergrunnsmassen (lag 1/B), men ingen konsentrasjonar.

I utkanten av sørøstre sektor vart det funne fleire keramikkskår (B16227/a-e (F7)) av same type som F1, konsentrert i eit lite område på 10x5 cm (fig.4). Dette opptredde stratigrafisk høgt oppe i røysa, i utkanten av det svarte laget. Den aktuelle ruta vart teikna i 1:20 og gravd. Dette avdekkka ei steinsamling som ved gravetidspunktet vart tolka som eit muleg kammer. Massen inne i det mulege kammeret vart gravd skild frå resten av ruta. Heile ruta vart gravd ned 6-8 cm til undergrunnen, og steinsamlinga vart fjerna. All massen vart sålda, dette gav kun eitt nytt funn (B16227/1k (F3)), frå massen utanfor steinsamlinga. Dersom tolkinga som kammer stemmer, er F7 funne i utkanten av dette. Det skal imidlertid understrekast at denne

tolkinga er svært usikker. Leirkaret kan ha vore sett ned innimellom stein i røysa, utan kammerkonstruksjon rundt. Under alle omstende ser det ut til at gravnedlegginga har blitt utsett for forstyrring, truleg ved dyrkingsaktivitet. Det vart likevel tatt ut dateringsprøve (VP 4) frå botnen av det mulege kammeret. Denne prøven gav det eldste resultatet nemnt ovanfor.




Fig.4. Planteikningar over område med keramikkfunn F7.

Fig.5 indikerer at den austre avgrensinga av røysa synest forholdsvis intakt, F7 er såleis funne utanfor røysa sin eigentlige ytterkant slik den er definert av steinpakninga. F1 er også funne heilt i ytterkant av steinpakningen på motsett side av røysa. Det er imidlertid vanskeleg å tillegge dette særskilt tyding ettersom konteksten er såpass usikker. Ettersom F7 besto av fleire skår konsentrert til eit lite område, er det rimeleg å anta at F7 er i nærleiken av sin opphavlege nedleggingsstad.

Keramikken var av nokså grovt gods, raudt på farge og uornert. Nokre av skåra er mørkebrune til svarte på eine sida. Kva som er innsida og utsida er ikkje råd å avgjere. Magringsmaterialet er finkorna, sand eller finknust bergart. Alle skåra ser ut til å vere av same type og kjem truleg frå same karet. Ved funntidspunktet var keramikken skjør og svært oppbløytt, små fragment løyste seg lett opp. Dette kan tyde på at keramikken er dårleg brend. I funnkatalogen er funn som ikkje er oppgitt med koordinat merka på teikninga.

Det blei og lausfunnet eit mikroflekkfragment i kvarts, et mikroavslag av flint og ein flintknoll ved reinsing og graving av røysa (B16227/3).

Samanfatting

Røys 3 kan være anlagt i tidsrommet romartid/folkevandringstid, funnmaterialet er imidlertid ikkje av ein slik kvalitet at dette let seg fastslå meir presist. Keramikken kan være av ein type som har vore i bruk frå yngre bronse alder og inn i eldre jernalder. Kva type aktivitet C14-dateringane frå røys 3 tidfestar, er ikkje eintydig, men at det dreier seg om eit avsviingslag forbunde med jordbruksaktivitet i seinneolittikum og eldre bronsealder er sannsynleg. Basert på dei resultata som føreligg på nåverande tidspunkt har området blitt teke i bruk som gravplass i løpet av bronsealderen. Dateringane frå røys 1 og 2 kan tyde på at gravfeltet har vore i bruk over eit langt tidsspenn, frå yngre bronsealder til overgangen mellom romartid og folkevandringstid. Graden av kontinuitet i bruken er vanskeleg å seie noko om ettersom få røysar er undersøkte, men det store talet på registrerte gravminne på begge sider av elva kan truleg tolkast som at området har vore sentralt som kultstad. Korleis bruken har endra seg frå dyrking til kultstad er det kun eventuelle framtidige undersøkingar som kan gi svar på.

Litteratur

Fett, P 1954: *Tysnes prestegjeld. Førhistoriske minne i Sunnhordland*. Universitetet i Bergen. Historisk Museum.

Kulturseksjonen, Hordaland fylkeskommune. Rapport frå utgravingar av røys 1 og 2 i Uggdalsdalen, Uggdal gnr.69 bnr.13., Tysnes kommune. *in prep.*

Solberg, B 2000: *Jernalderen i Norge. 500 før Kristus til 1030 etter Kristus*. Cappelen Akademisk Forlag.




0.5 m

Uggdal gnr. 69 bnr. 13
Tysnes kommune, Hordaland fylke
Røys 3, plan 1:20
November 2004 Yvonne Dahl/Live Johannesen

Fig. 5. Planteikning røys 3

Fig. 6. Profil.



1. Raudbrun masse iblanda noko grus, mest raudbrun i nordlegaste del. Iblanda grågrønn silthaldig masse. Meir silt sorover i profilen. Spreidde trekolfragment. Tilsvarar lag B på fig. 7

2. Mørk brun humus. Mindre grushaldig enn 1.

x. Keramikkfunn F1. Funnt i overgangen mellom lag 1 og 2.

Uggdal gnr. 69 bnr. 13

Tysnes kommune, Hordaland fylke

Roys 3, profil NV-SO 1:20

November 2004 Heidi Handeland

- A: Gråbrun humusblanda grus og sand. Spreidde trekolfragment.
- B: Raudbrun grushaldig masse. Spreidde trekolfragment.
- C: Gråbrun grus iblanda grønnaktig silt. Ein del nevestor stein. Spreidde trekolfragment.
- D: Grågrønn silt og grus med meir konsentrert trekol.
- E: Silt, svart av større sot- og trekolmengder enn D.




Fig.7. Planfotokning, røysbotn og trekollag (E). Røysa er her gravd til botnen over det heile umtatt i området for lag E. Eigne teikningar av ruta 12x20y (fig.3).

Vedlegg 1: Funnkatalog

Museums Tilvekst nr.	Funn Nr.	Kategori	Klassifisering	Råstoff	X-koord	Y-koord	Kv	Stratigrafi	Tal	Største dim. cm	Vekt gram	Funndato	Sign.	Skildring	Kommentar
/1a	7a	Skår	Sand	Keramikk				Lag E	1	2.5x2	2.79	09.11.04	YD	Raud/brun	Tjukkelse 0.7 cm
/1b	7b	Skår	Sand	Keramikk				Lag E	1	2.2x1.5	1.71	09.11.04	YD	Raud/brun	Avskalla. Tjukkelse 0.6 cm
/1c	7c	Skår	Sand	Keramikk				Lag E	1	1.7x1.6	1.07	09.11.04	YD	Raud/brun	Svært avskalla. Tjukkelse 0.4 cm
/1d	7d	Skår	Sand	Keramikk				Lag E	1	1.4x0.9	0.59	09.11.04	YD	Raud/brun	Tjukkelse 0.5 cm
/1e	7e	Skår/fragment	Sand	Keramikk				Lag E	17		Samla: 2.35	09.11.04	YD	Raud/brun	
/1f	8	Skår	Sand	Keramikk	12	20		Lag E	1	0.6x0.5	0.07	09.11.04	HH	Raud	Avskalla tynt fragment
/1g	1a	Skår	Sand	Keramikk				Overgang lag 1 og 2	1	1.9x1.6	2.15	04.11.04	HH	Raud på begge sider	Eine sida svært avskalla. Tjukkelse 0.6 cm. Funne ca 20 cm ned i profilen.
/1h	1b	Skår	Sand	Keramikk				Overgang lag 1 og 2	1	1.6x0.7	1.8	04.11.04	HH	Raud, brotflata svart og raud	Eine sida svært avskalla. Tjukkelse 0.7 cm
/1i	1c	Skår	Sand	Keramikk				Overgang lag 1 og 2	1		1.05	04.11.04	HH	Raud	Tjukkelse 0.7 cm
/1j	1d	Skår	Sand	Keramikk				Overgang lag 1 og 2	Fleire små frg.		Samla: 0.45	04.11.04	HH	Raud	
/2	2	Fragment	Brent	Bein				Overgang lag 1 og 2	1			08.11.04	HH		NØ for punktet 17x20y, 20 cm ned i profilen
/1k	3	Fragment	Sand	Keramikk				Lag 2	1	0.5x0.5	0.07	08.11.04	HH	Raud	Funne i same område som F2
/1l	5	Skår	Magring ikkje synleg	Keramikk	16	22	NØ	Lausfunn, graving	1	0.5x0.3	Ikke registrerbar	08.11.04	HH	Raud	Tynn avskalling
/3	6	Mikroflekkfragment		Kvarts	14	22	NV	Lausfunn, graving	1	0.9x0.5		08.11.04	YD	Knekt	
/3	4	Avslag	Mikro	Flint	16	22	NØ	Lausfunn, graving	1	0.8x0.5		08.11.04	HH	Trekanta, med cortex-rest	
/3	9	Flintknøll		Flint				Lausfunn, opprens	1				KAV	Avspaltingar	

- /1
- a) *Keramikkskår av rødt sandmagret gods. Største dimensjon 2,5x2 cm*
 - b) *Keramikkskår av rødt sandmagret gods. Største dimensjon 2,2x1,5 cm*
 - c) *Keramikkskår av rødt sandmagret gods. Største dimensjon 1,7x1,6 cm*
 - d) *Keramikkskår av rødt sandmagret gods. Største dimensjon 1,4x0,9 cm*
 - e) *17 keramikkskår/fragment(meget små) av rødt sandmagret gods*
 - f) *Keramikkskår av rødt sandmagret gods. Største dimensjon 0,6x0,5 cm.
Tynt flak*
 - g) *Keramikkskår av rødt sandmagret gods. Største dimensjon 1,9x1,6 cm*
 - h) *Keramikkskår av rødt sandmagret gods. Største dimensjon 1,6x0,7 cm*
 - i) *Keramikkskår av rødt sandmagret gods.*
 - j) *8 keramikkskår/fragment(meget små) av rødt sandmagret gods*
 - k) *Keramikkskår av rødt sandmagret gods. Største dimensjon 0,5x0,5 cm*
 - l) *Keramikkskår av rødt gods. Magringsmaterialet er ikke synlig. Største dimensjon 0,5x0,3 cm.*
- /2 *Fragmenter av brent bein J.S. 1397*
- /3 *Mikroflekkefragment av kvarts, mikroavslag av flint og flintknoll med slåtte felt.
Løsfunn ved graving.*

Funn fra røys 3 på gravfeltet Vollane. Alle keramikkskårene er av samme type og ser ut til å stamme fra samme kar. Keramikken var skjør og dårlig bevart, sannsynligvis er den dårlig brent da den var lite bestandig overfor vann. Det er vanskelig å avgjøre hva som er innside og utside, men på enkelte skår er den ene siden rød og den andre siden svart eller brun. Mange av skårene er svært avskallet. Magringsmaterialet ser ut til å være sand eller svært finknust bergart. Beinfragmentet er funnet i samme område som funn /1g-j og er tolket som mulige begravelsesrester. Røysa bærer noe preg av forstyrrelser. Funn /1a-f er funnet i et svart trekullholdig siltlag. Dette laget er tolket til ikke å være relatert til gravritualet, ettersom det er C14-datert med to prøver til seinneolittikum og eldre bronsealder, 3670+/-60 BP (Beta-200022) og 3010+/-70 BP (Beta-200021). Funn /1g-j er gjort ved opprens av profil og funn /1k er et løsfunn uten stedsangivelse. Røysa er noe utypisk anlagt, ved å være nedgravd i undergrunnen. Dette forklarer oppblandingen av eldre masse i røysa. I sørøstre sektor ble det observert en stein som trolig er satt intensjonelt på høgkant, og en hvit kvartsstein. Røysa representerer mest sannsynlig eldre jernalder aktivitet. Innberetning i arkivet ved Heidi Handeland.

Vedlegg 3: Fotoliste digital

Nb: DSCN4579-4605 er filmfiler

Bilete nr.	Motiv	Retning	Dato	Sign.	Digitalnr.
1	Før arbeidsstart	V-NV	01.11.04	YD	DSCN4528
2	Før arbeidsstart	NV	01.11.04	YD	DSCN4529
3	Før arbeidsstart	V-NV	01.11.04	YD	DSCN4530
4	Før arbeidsstart	N-NV	01.11.04	YD	DSCN4531
5	Avtorva	V-SV	01.11.04	YD	DSCN4532
6	Avtorva	V-SV	01.11.04	YD	DSCN4533
7	Avtorva	V-SV	01.11.04	YD	DSCN4534
8	Utgår	V-SV	01.11.04	YD	DSCN4535
9	Rensa overflate	V-SV	01.11.04	YD	DSCN4536
10	Rensa overflate	S-SØ	01.11.04	YD	DSCN4537
11	Rensa overflate	S-SØ	01.11.04	YD	DSCN4538
12	Rensa overflate	S-SØ	01.11.04	YD	DSCN4539
13	Rensa overflate	S-SØ	01.11.04	YD	DSCN4540
14	Rensa overflate	S-SØ	01.11.04	YD	DSCN4541
15	Rensa overflate	S-SØ	01.11.04	YD	DSCN4542
16	Rensa overflate	N-NØ	01.11.04	YD	DSCN4543
17	Rensa overflate	N-NØ	01.11.04	YD	DSCN4544
18	Rensa overflate	N-NØ	01.11.04	YD	DSCN4545
19	Rensa overflate	N-NØ	01.11.04	YD	DSCN4546
20	Rensa overflate	N-NØ	01.11.04	YD	DSCN4547
21	Arbeidsbilete	S-SØ	01.11.04	LJ	DSCN4548
22	Røys	S-SØ	02.11.04	LJ	DSCN4549
23	Før gravning/opprens	NØ	02.11.04	LJ	DSCN4550
24	Samme som 23 m/målestokk	NØ	02.11.04	LJ	DSCN4551
25	Flat helle v/15x20y	N	02.11.04	LJ	DSCN4552
26	Utgår	N	02.11.04	LJ	DSCN4553
27	Flat helle v/15x20y	N	02.11.04	LJ	DSCN4554
28	NV ¼ gravd vekk	SSØ	02.11.04	LJ	DSCN4555
29	NV ¼ gravd vekk	NØ	02.11.04	LJ	DSCN4556
30	NV ¼ gravd	NØ	02.11.04	LJ	DSCN4557
31	Gravfelt		03.11.04	LJ	DSCN4558
32	Holveg		03.11.04	LJ	DSCN4559
33	Vad i elva mellom gravfelta		03.11.04	LJ	DSCN4560
34	Vad		03.11.04	LJ	DSCN4561
35	Vad		03.11.04	LJ	DSCN4562
36	Arbeidsbilete		03.11.04	LJ	DSCN4563
37	Vestre ½ gravd/opprensa	SØ	04.11.04	YD	DSCN4564
38	Vestre ½ gravd/opprensa	NV	04.11.04	YD	DSCN4565
39	Vestre ½ gravd/opprensa	Ø-NØ	04.11.04	YD	DSCN4566
40	Situasjonsbilete fre morgon	SØ	05.11.04	HH	DSCN4567
41	Situasjonsbilete fre morgon	SØ	05.11.04	HH	DSCN4568
42	NØ ¼ e/fjerning av øvste steinlag	SØ	05.11.04	HH	DSCN4569
43	NØ ¼ e/fjerning av øvste steinlag	V	05.11.04	HH	DSCN4570

44	Utgår		05.11.04	HH	DSCN4571
45	Ø ½ e/fjerning av øvste steinlag	SØ	05.11.04	HH	DSCN4572
46	Profil frå N mot S	Ø-NØ	05.11.04	HH	DSCN4573
47	Profil frå N mot S	Ø-NØ	05.11.04	HH	DSCN4574
48	Profil frå N mot S	Ø-NØ	05.11.04	HH	DSCN4575
49	Profil oversikt	Ø-NØ	05.11.04	HH	DSCN4576
50	SØ ¼ e/fjerning av 2.steinlag. Grått lag i sentrum av røysa. Stein på høgkant.	NV	05.11.04	HH	DSCN4577
51	Ø ½ m/kvartsstein og stein på høgkant	V-SV	06.11.04	YD	DSCN4578
52	Ø ½	SØ	06.11.04	YD	DSCN4579
53	Ø ½	NV	06.11.04	YD	DSCN4580
54	Ø ½	NV	06.11.04	YD	DSCN4581
55	Ø ½, område under flat stein	SV	06.11.04	YD	DSCN4582
56	Ø ½ område under flat stein	SV	06.11.04	YD	DSCN4583
57	Ø ½ område under flat stein	SV	06.11.04	YD	DSCN4584
58	Ø ½ område under flat stein	SV	06.11.04	YD	DSCN4585
59	Ø ½ område under flat stein	SV	06.11.04	YD	DSCN4586
60	Ø ½ område under flat stein	SV	06.11.04	YD	DSCN4587
61	Utviding av profil mot NV	NØ	08.11.04	HH	DSCN4588
62	Utviding av profil mot NV etter prøveuttak	NØ	08.11.04	HH	DSCN4589
63	Detaljbilete av kvit kvartsstein	NØ	08.11.04	HH	DSCN4590
64	Ø ½ etter fjerning av stein i profil	NØ	08.11.04	HH	DSCN4591
65	NØ ¼ etter fjerning av stein i profil	V-SV	08.11.04	HH	DSCN4592
66	Ø ½ etter fjerning av 3. steinlag	SV	08.11.04	HH	DSCN4593
67	Keramikk F7	NØ	09.11.04	HH	DSCN4594
68	Muleg kammer	SØ	09.11.04	HH	DSCN4595
69	Muleg kammer etter fjerning av masse i ca 6-8 cm dybde	SØ	09.11.04	HH	DSCN4596
70	Steinsirkel B	NV	10.11.04	HH	DSCN4597
71	Steinsirkel B, lokaliseringsbilete	NØ	10.11.04	HH	DSCN4598
72	Etter fjerning av stein i muleg kammer	SSØ	10.11.04	YD	DSCN4599
73	Rotn, Ø ½	NØ	10.11.04	YD	DSCN4600
74	Oversikt etter graving	NV	10.11.04	YD	DSCN4601

75	Oversikt etter graving	Ø-NØ	10.11.04	YD	DSCN4602
76	Oversikt etter graving	Ø-NØ	10.11.04	HH	DSCN4603
77	NØ ¼ etter graving	Ø-NØ	10.11.04	HH	DSCN4604
78	SØ ¼ etter graving	NØ	10.11.04	HH	DSCN4605

Vedlegg 5: Liste over originalteikningar

1. Østre halvdel. Plan 1:20. Live Johannesen.
2. Vestre halvdel. Plan 1:20. Yvonne Dahl.
3. Profil 1:20. Heidi Handeland.
4. 12x20y. Plan 1:20. Yvonne Dahl/Heidi Handeland.
5. Situasjon ved funn av keramikk F7. Plan 1:20. Heidi Handeland.
6. Skisse for nivellement. Plan 1:20. Heidi Handeland.

Vedlegg 6: Liste over dateringsprøver

<i>VP-nr</i>	<i>Kontekst</i>	<i>Kommentar</i>	<i>Dato</i>	<i>Sign.</i>	<i>Vekt trekol</i>
1	18x19y, spredde trekolfragment frå område ved keramikkfunn F1	Truleg forstyrra	08.11.04	HH	1,91 g
2	13x20y, svart trekolhaldig lag sør i røysa.	I + II. Sjå vedlagde dateringsrapport, lab.ref. Beta-200021	08.11.04	YD	17,73 g
3	15x20y, trekolflekk i sentrum av røysa		09.11.04	HH	1,63 g
4	Botn av muleg kammer, trekolhaldig masse	Truleg forstyrra. Sjå vedlagde dateringsrapport, lab.ref. Beta-200022	09.11.04	HH	11,47 g

Vedlegg 7: Nivellement

Måling	Fix m.o.h.	Dagens fix	Høgd instrument	Punktavlesing	Reell m.o.h.
Måling 1 pkt.1		1.53	1.39	1.52	
Måling 1 pkt.2		1.53	1.39	1.49	
Måling 1 pkt.3		1.53	1.39	1.36	
Måling 1 pkt.4		1.53	1.39	1.41	
Måling 1 pkt.5		1.53	1.39	1.58	
Måling 1 pkt.6		1.53	1.39	1.39	
Måling 1 pkt.7		1.53	1.39	1.41	
Måling 1 pkt.8		1.53	1.39	1.42	
Måling 1 pkt.9		1.53	1.39	1.61	
Måling 1 pkt.10		1.53	1.39	1.42	
Måling 1 pkt.11		1.53	1.39	1.39	
Måling 1 pkt.12		1.53	1.39	1.63	
Måling 1 pkt.13		1.53	1.39	1.47	
Måling 1 pkt.14		1.53	1.39	1.49	
Måling 1 pkt.15		1.53	1.39	1.44	
Måling 1 pkt.16		1.53	1.39	1.53	
Måling 1 pkt.17		1.53	1.39	1.47	
Måling 1 pkt.18		1.53	1.39	1.39	
Måling 1 pkt.19		1.53	1.39	1.44	
Måling 1 pkt.20		1.53	1.39	1.45	
Måling 1 pkt.21		1.53	1.39	1.38	
Måling 1 pkt.22		1.53	1.39	1.41	
Måling 1 pkt.23		1.53	1.39	1.41	
Måling 1 pkt.24		1.53	1.39	1.44	
Måling 1 pkt.25		1.53	1.39	1.45	
Måling 1 pkt.26		1.53	1.39	1.42	
Måling 1 pkt.27		1.53	1.39	1.44	
Måling 1 pkt.28		1.53	1.39	1.43	
Måling 1 pkt.29		1.53	1.39	1.47	
Måling 1 pkt.30		1.53	1.39	1.36	
Måling 1 pkt.31		1.53	1.39	1.45	
Måling 1 pkt.32		1.53	1.39	1.47	
Måling 1 pkt.33		1.53	1.39	1.42	
Måling 1 pkt.34		1.53	1.39	1.50	
Måling 1 pkt.35		1.53	1.39	1.58	
Måling 1 pkt.36		1.53	1.39	1.45	
Måling 1 pkt.37		1.53	1.39	1.36	
Måling 1 pkt.38		1.53	1.39	1.41	
Måling 2 pkt.1		1.54	1.40	1.51	
Måling 2 pkt. 2		1.54	1.40	1.79	
Måling 2 pkt. 3		1.54	1.40	1.54	
Måling 2 pkt.4		1.54	1.40	1.82	
Måling 2 pkt.5		1.54	1.40	1.77	
Måling 2 pkt.6		1.54	1.40	1.56	
Måling 2 pkt.7		1.54	1.40	1.64	
Måling 2 pkt.8		1.54	1.40	1.79	
Måling 3 pkt.9		1.55	1.41	1.82	
Måling 3 pkt.10		1.55	1.41	1.82	
Måling 3 pkt.11		1.55	1.41	1.82	
Måling 3 pkt.12		1.55	1.41	1.78	
Måling 3 pkt.13		1.55	1.41	1.87	


Måling 4 pkt.1		1.54	1.40	1.68	
Måling 4 pkt.2		1.54	1.40	1.50	
Måling 4 pkt.3		1.54	1.40	1.60	
Måling 4 pkt.4		1.54	1.40	1.57	
Måling 4 pkt.5		1.54	1.40	1.83	
Måling 4 pkt.6		1.54	1.40	1.59	
Måling 4 pkt.7		1.54	1.40	1.74	
Måling 5 pkt.1		1.54	1.40	1.80	
Måling 5 pkt.2		1.54	1.40	1.65	
Måling 5 pkt.3		1.54	1.40	1.67	
Måling 5 pkt.4		1.54	1.40	1.60	
Måling 5 pkt.5		1.54	1.40	1.72	
Måling 5 pkt.6		1.54	1.40	1.77	
Måling 5 pkt.7		1.54	1.40	1.74	
Måling 5 pkt.8		1.54	1.40	1.79	
Måling 5 pkt.9		1.54	1.40	1.85	
Måling 5 pkt.10		1.54	1.40	1.81	
Måling 5 pkt.11		1.54	1.40	1.70	
Måling 5 pkt.12		1.54	1.40	1.66	
Måling 6 pkt.1		1.54	1.40	1.84	
Måling 6 pkt.2		1.54	1.40	1.84	
Måling 6 pkt.3		1.54	1.40	1.84	
Måling 6 pkt.4		1.54	1.40	1.83	
Måling 6 pkt.5		1.54	1.40	1.85	
Måling 6 pkt.6		1.54	1.40	1.87	
Måling 6 pkt.7		1.54	1.40	1.78	
Måling 6 pkt.8		1.54	1.40	1.79	
Måling 6 pkt.9		1.54	1.40	1.85	
Måling 6 pkt.10		1.54	1.40	1.84	
Måling 6 pkt.11		1.54	1.40	1.86	
Måling 6 pkt.12		1.54	1.40	1.87	
Måling 6 pkt.13		1.54	1.40	1.83	
Måling 6 pkt.14		1.54	1.40	1.75	
Måling 6 pkt.15		1.54	1.40	1.73	
Måling 6 pkt.16		1.54	1.40	1.84	
Måling 6 pkt.17		1.54	1.40	1.77	
Måling 6 pkt.18		1.54	1.40	1.74	
Måling 6 pkt.19		1.54	1.40	1.83	
Måling 6 pkt.20		1.54	1.40	1.84	
Måling 6 pkt.21		1.54	1.40	1.84	
Måling 6 pkt.22		1.54	1.40	1.81	
Måling 6 pkt.23		1.54	1.40	1.85	
Måling 6 pkt.24		1.54	1.40	1.88	
Måling 6 pkt.25		1.54	1.40	1.76	
Måling 6 pkt.26		1.54	1.40	1.75	
Måling 7 pkt.1		1.54	1.40	1.84	
Måling 7 pkt.2		1.54	1.40	1.70	
Måling 7 pkt.3		1.54	1.40	1.91	
Måling 7 pkt.4		1.54	1.40	1.91	
Måling 7 pkt.5		1.54	1.40	1.85	



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgate 5 5020 Bergen
Postadresse: Postboks 7900
Telefon: 55 23 90 00
Telefaks:

Målestokk = 1:500



● Uggdal_punkter.shp



BETA ANALYTIC INC.

DR. M.A. TAMERS and MR. D.G. HOOD

UNIVERSITY BRANCH
4985 S.W. 74 COURT
MIAMI, FLORIDA, USA 33155
PH: 305/667-5167 FAX: 305/663-0964
E-MAIL: beta@radiocarbon.com

REPORT OF RADIOCARBON DATING ANALYSES

Dr. Live Johannessen

Report Date: 1/25/2005

Universitetet i Bergen

Material Received: 1/4/2005

Sample Data	Measured Radiocarbon Age	$^{13}\text{C}/^{12}\text{C}$ Ratio	Conventional Radiocarbon Age(*)
Beta - 200021 SAMPLE : UGGDAL VP2 ANALYSIS : Radiometric-Standard delivery MATERIAL/PRETREATMENT : (charred material): acid/alkali/acid 2 SIGMA CALIBRATION : Cal BC 1420 to 1020 (Cal BP 3370 to 2970)	3010 +/- 70 BP	-25.0* o/oo	3010 +/- 70* BP
Beta - 200022 SAMPLE : UGGDAL VP4 ANALYSIS : Radiometric-Standard delivery MATERIAL/PRETREATMENT : (charred material): acid/alkali/acid 2 SIGMA CALIBRATION : Cal BC 2210 to 1890 (Cal BP 4160 to 3840)	3670 +/- 60 BP	-25.0* o/oo	3670 +/- 60* BP

Dates are reported as RCYBP (radiocarbon years before present, "present" = 1950 A.D.). By International convention, the modern reference standard was 95% of the C^{14} content of the National Bureau of Standards' Oxalic Acid & calculated using the Libby C^{14} half life (5568 years). Quoted errors represent 1 standard deviation statistics (68% probability) & are based on combined measurements of the sample, background, and modern reference standards.

Measured $\text{C}^{13}/\text{C}^{12}$ ratios were calculated relative to the PDB-1 international standard and the RCYBP ages were normalized to -25 per mil. If the ratio and age are accompanied by an (*), then the $\text{C}^{13}/\text{C}^{12}$ value was estimated, based on values typical of the material type. The quoted results are NOT calibrated to calendar years. Calibration to calendar years should be calculated using the Conventional C^{14} age.

CALIBRATION OF RADIOCARBON AGE TO CALENDAR YEARS

(Variables: est. C13/C12=-25:lab. mult=1)

Laboratory number: **Beta-2000 21**

Conventional radiocarbon age¹: **3010±70 BP**


2 Sigma calibrated result: Cal BC 1420 to 1020 (Cal BP 3370 to 2970)
(95% probability)

¹ C13/C12 ratio estimated

Intercept data

Intercept of radiocarbon age
with calibration curve: **Cal BC 1270 (Cal BP 3220)**

1 Sigma calibrated result: Cal BC 1380 to 1130 (Cal BP 3330 to 3080)
(68% probability)



References:

Database used

INTCAL98

Calibration Database

Editorial Comment

Stuiver, M., van der Plicht, H., 1998, *Radiocarbon* 40(3), pxii-xiii

INTCAL98 Radiocarbon Age Calibration

Stuiver, M., et al., 1998, *Radiocarbon* 40(3), p1041-1083

Mathematics

A Simplified Approach to Calibrating C14 Dates

Talma, A. S., Vogel, J. C., 1993, *Radiocarbon* 35(2), p317-322

Beta Analytic Radiocarbon Dating Laboratory

4985 S.W. 74th Court, Miami, Florida 33155 • Tel: (305)667-5167 • Fax: (305)663-0964 • E-Mail: beta@radiocarbon.com

CALIBRATION OF RADIOCARBON AGE TO CALENDAR YEARS

(Variables: est. C13/C12=-25:lab. mult=1)

Laboratory number: **Beta-2000 22**

Conventional radiocarbon age¹: **3670±60 BP**


2 Sigma calibrated result: Cal BC 2210 to 1890 (Cal BP 4160 to 3840)
(95% probability)

¹ C13/C12 ratio estimated

Intercept data

Intercept of radiocarbon age
with calibration curve: **Cal BC 2030 (Cal BP 3980)**

1 Sigma calibrated result: Cal BC 2140 to 1950 (Cal BP 4090 to 3900)
(68% probability)



References:

Database used

INTCAL98

Calibration Database

Editorial Comment

Stuiver, M., van der Plicht, H., 1998, Radiocarbon 40(3), pxii-xiii

INTCAL98 Radiocarbon Age Calibration

Stuiver, M., et al., 1998, Radiocarbon 40(3), p1041-1083

Mathematics

A Simplified Approach to Calibrating C14 Dates

Talma, A. S., Vogel, J. C., 1993, Radiocarbon 35(2), p317-322

Beta Analytic Radiocarbon Dating Laboratory

4985 S.W. 74th Court, Miami, Florida 33155 • Tel: (305)667-5167 • Fax: (305)663-0964 • E-Mail: beta@radiocarbon.com